



Representantskapet

IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap
Austevoll, Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland,
Modalen, Osterøy, Radøy, Samnanger, Vaksdal

PROTOKOLL Representantskap IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap

Møte: 1-2019

Tid: Tysdag 19. november 2019 kl. 10:30

Stad: Solstrand hotel & bad

Til stades:

Representantskap Ordfører Morten Storebø, Austevoll kommune
/ ordfører: Ordfører Per Lerøy, Austrheim kommune
Ordfører Stian Herøy, Fedje kommune
Ordfører Hallvard Oppedal, Gulen kommune
Ordfører Astrid Aarhus Byrknes, Lindås kommune
Ordfører Karstein Totland, Masfjorden kommune
Ordfører Øyvind H. Oddekalv, Meland kommune
Ordfører Kjetil Eikefet, Modalen kommune
Ordfører Lars Fjeldstad, Osterøy kommune
Ordfører Hege Eide Vik, Vaksdal kommune
Varaordfører Øyvind Røen, Samnanger kommune

Andre Rådmann Ingvild Hjelmtveit, Osterøy kommune
Rådmann Atle Fasteland, Vaksdal kommune
Dagleg leiar Thomas Rønn-Aar, IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap
Økonomisjef Sveinung Kvamme, IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap
Dagleg leiar Rune Heradstveit, Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Leiar digitalisering og innovasjon Lars Tveit, Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Forfall Ordfører Radøy kommune

| | |
|-----------------|--|
| Sak 1/19 | Godkjenning møteinnkalling og sakliste Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og sakliste vert godkjent. |
| Sak 2/19 | Val av møteleiar Samrøystes vedtak: Karstein Totland vert valt til møteleiar. |
| Sak 3/19 | Val av to representantar for underskriving av protokoll Samrøystes vedtak: Hege Eide Vik og Hallvard Oppedal vert valt til å skriva under protokoll. |

| | |
|--------------------------|--|
| <p>Sak 4/19</p> | <p>Orienteringar og referatsaker Leiar digitalisering og innovasjon Lars Tveit informerte om prinsipp og organisering av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap og IKT digitalisering og innovasjon. Dagleg leiar Thomas Rønn-Aar i IKT Nordhordland orienterte om status i drifta i dag, og om organisering og planar framover.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet tar orienteringa til vitande.</p> |
| <p>Sak 5/2019</p> | <p>Val av leiar og nestleiar i Representantskapet Etter §7 i samarbeidsavtalen består Representantskapet av ordførarane i dei deltakande kommunane. Alle kommunestyra i dei deltakande kommunane har valt ordføraren til medlem i representantskapet. Etter samarbeidsavtalen vel Representantskapet sjølv leiar og nestleiar.</p> <p>Samrøystes vedtak: Karstein Totland vert valt til leiar i Representantskapet for perioden 2020 - 2023. Morten Storebø vert valt til nestleiar i Representantskapet for perioden 2020 - 2023.</p> |
| <p>Sak 6/2019</p> | <p>Val av styre - og leiar og nestleiar til styret Etter § 7 i samarbeidsavtalen skal Representantskapet velja eit styre beståande av rådmenn / kommunedirektørar i dei deltakande kommunane. Vidare skal det veljast leiar og nestleiar i styret.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet vel rådmennene i dei deltakande kommunane til styret i IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap. Representantskapet vel Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen) til leiar og Ingvild Hjelmtveit (Osterøy) til nestleiar i styret IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap for 2020 og 2021.</p> |
| <p>Sak 7/2019</p> | <p>Val av revisor Etter § 8 i samarbeidsavtalen skal Representantskapet velja revisor og fastsetja godtgjersle for revisjon. Osterøy kommune/IKTNH har gjennomført konkurranse om revisjonsoppdraget. Ingvild Hjelmtveit gjorde kort greie for prosessen.</p> <p>Samrøystes vedtak: BDO AS vert valt som revisor for IKTNH kommunalt oppgåvefelleskap. Honorar vert fastsett i samsvar med inngått avtale om rekneskapsrevisjonstenester.</p> |

Solstrand hotel & bad, Os, 19. november 2019



Hege Eide Vik
Medlem Representantskapet
IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap



Hallvard Oppedal
Medlem Representantskapet
IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap